



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 03.09.2020 kl. 15:15-18:15

Stad: Kvammen kapell

Frammøtte:

Jostein Gryte	Leiar
Karen Anny Espedal	Medlem
Arnt Johnny Langeland	Medlem
Bjørn Arne Mjåseth	Medlem
Kristin Rivedal Yndestad	Medlem
Kjell Olav Høstaker Nordheim	Medlem
Solfrid Løvik Hellevang	Medlem
Terje Mork	Medlem
Lillian Oddekalv Gjervik	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Ingvild Loftheim	Varamedlem

Forfall:

Wenche Ness Gabrielsen	Nestleiar
Ole Kistrup Vilnes	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Andre møtande:

Guri Høstaker Nordheim	Kyrkjelydspedagog
Marit Leknes Gryte	Frå kyrkjelydsutvalet i Kvammen

Møtet starta med synfaring i kapellet

Innmeldte feil og manglar frå kyrkjelydsutvalet i Kvammen ligg som vedlegg sist i protokollen.

Saker handsama på møtet:

Saksnr	Uoff	Tittel	Sakshandsamar
SR 2020/32		Godkjenning av innkalling og dagsorden	RUNE ZIENER
SR 2020/33		Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 11.06.2020 og 22.06.2020	RUNE ZIENER
SR 2020/34		Skriv, meldingar og drøftingar	RUNE ZIENER
SR 2020/35		Trusopplæringsutvalet	RUNE ZIENER
SR 2020/36		Revidert gudstenesteordning	RUNE ZIENER
SR 2020/37		Offerlister 2020	RUNE ZIENER
SR 2020/38		Møteplan 2. halvår 2020	RUNE ZIENER
FR 2020/39		Budsjettjustering, driftsbudsjett 2020	RUNE ZIENER

Askvoll, 03.09.2020

Rune Ziener
referent

SR 2020/32 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkallinga og dagsordenen slik dei ligg føre.

SR 2020/33 Godkjenning av protokoll frå soknerådsmøte 11.06.2020 og 22.06.2020

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollar frå soknerådsmøta 11. og 22.06.2020 slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollar frå soknerådsmøta 11. og 22.06.2020 slik dei ligg føre.

SR 2020/34 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

- M 2020/17 Nytt geistleg varamedlem til Askvoll sokneråd oppnemnt av biskopen.
- M 2020/18 Sekretærstillinga ved kyrkjekontoret.
- M 2020/19 Tid for tru (samarbeidstiltak for Askvoll, Fjaler og Hyllestad)
- M 2020/20 Omdisponering av investeringsmidlar
- M 2020/21 Søknad til fylkeskommunen vedr. graving ved Vilnes kyrkje med synfaringsrapport
- M 2020/22 Ny kyrkjelydspedagog - presentasjon og orienteringar

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SR 2020/35 Trusopplæringsutvalet

UTGREIING

Ein har no lukkast med å få tilsett ny kyrkjelydspedagog i Askvoll sokn etter fleire år med vakanse i stillinga. I tida med vakanse i pedagogstillinga har ein ikkje hatt eit operativt trusopplæringsutval. For å sikre gode rammer og ressursar for den nytilsette pedagogen, bør ein få etablert eit trusopplæringsutval i soknet snarast råd.

Det har ikkje lukkast kyrkjeverja å finne noko eksisterande reglement for eit slikt utval, og for å sikre at utvalet har konkrete retningslinjer, bør ein vedta eit slikt. Kyrkjeverja har utarbeidd eit forslag til reglement for utvalet (sjå nedanfor).

1. Fastsetting av reglement og mandat

Forslag til reglement for trusopplæringsutvalet i Askvoll

1 Formål:

- 1.1. Trusopplæringsutvalet skal ha særleg merksemd retta mot trusopplæringsarbeidet i soknet og bidra til å styrkje det lokale engasjementet for trusopplæringa i kyrkjelyden. Vidare skal utvalet sjå til at lokal trusopplæringsplan vert evaluert og vidareutvikla, samt at tiltak i planen vert gjennomførte.
- 1.2 Trusopplæringsutvalet skal vere ei ressursgruppe for trusopplæringsmedarbeidaren.

2 Val og samansetjing:

- 2.1 Askvoll sokneråd er representert i einingsutvalet med minst ein trusopplæringskontakt.
- 2.2 I tillegg til trusopplæringskontakten skal det vere minst tre andre medlemmer oppnemnt av soknerådet i utvalet, samt trusopplæringsmedarbeidaren.

3 Funksjonstid:

- 3.1. Valperioden for trusopplæringsutvalet følgjer soknerådsperioden.

4 Konstituering:

- 4.1 Trusopplæringsutvalet konstituerer seg sjølv. Det skal veljast leiar og nestleiar for éitt år av gangen.
- 4.2 Trusopplæringsmedarbeidaren er fast sekretær for utvalet.

5 Oppgåver og mandat:

- 5.1 Evaluere og vidareutvikle lokal trusopplæringsplan.
- 5.2 Sjå til at tiltak i trusopplæringsplanen vert realiserte.
- 5.3 Vere ei ressursgruppe for trusopplæringsmedarbeidaren.

6 Arbeidsform:

- 6.1 Utvalsleiar kallar inn til møte (minimum to gonger pr. halvår).

6.2 Det skrivast eit enkelt referat frå møta, som vert oversendt til soknerådet.

7 Vedtak og endring av reglement:

7.1 Soknerådet har vedtaksmynde ved fastsetting og endring av reglement.

2. Oppnemning av trusopplæringsutval

Jf. vedtakspunkt 2 i sak SR 2019/57 skulle ein på eit seinare tidspunkt komme tilbake til oppnemning av medlemmer til trusopplæringsutval for Askvoll.

Ein bør finne eit medlem frå soknerådet som er valt trusopplæringskontakt i dette møtet. Oppnemning av resterande medlemmer i utvalet skjer i neste møte i soknerådet, og kyrkjelydsutvala og kyrkjestaben vert oppmoda om å finne aktuelle kandidatar til utvalet.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek reglement for trusopplæringsutvalet slik det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Askvoll sokneråd oppnemner XXX som trusopplæringskontakt og representant inn i utvalet.
3. Kyrkjestaben og kyrkjelydsutvala vert oppmoda om å finne aktuelle kandidatar til trusopplæringsutvalet før neste møte i soknerådet, der formell oppnemning vil finne stad.

MØTEHANDSAMING

Til vedtakspunkt 1:

Forslag om følgjande tillegg i punkt 1.1, 2. punktum vart sett fram av Bjørn Arne Mjåseth i møtet (tilleggsforslag i kursiv):

Vidare skal utvalet sjå til at lokal trusopplæringsplan vert evaluert *én gong per valperiode* og vidareutvikla, samt at tiltak i planen vert gjennomførte.

Til vedtakspunkt 2:

Bjørn Arne Mjåseth sette fram forslag om oppnemning av Lillian Oddekalv Gjervik som soknerådet sin trusopplæringskontakt.

Arnt Johny Langeland sette fram forslag om oppnemning av Kristin Rivedal Yndestad som soknerådet sin trusopplæringskontakt.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek reglement for trusopplæringsutvalet slik det ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja, samt tilegget frå Bjørn Arne Mjåseth.
2. Askvoll sokneråd oppnemner Lillian Oddekalv Gjervik som trusopplæringskontakt og representant inn i utvalet.
3. Kyrkjestaben og kyrkjelydsutvala vert oppmoda om å finne aktuelle kandidatar til trusopplæringsutvalet før neste møte i soknerådet, der formell oppnemning vil finne stad.

SR 2020/36 Revidert gudstenesteordning

UTGREIING

Den norske kyrkja får revidert gudstenesteordning frå 1. søndag i advent, vedteke på Kyrkjemøtet i 2019 (sak KM05/19). Den største endringa er at talet på godkjende musikkseriar er redusert til fem. I kvart sokn er det difor tid for å planlegga revisjonen av den

lokale grunnordninga for hovudgudsteneste. Etter planen skal revidert ordning for hovudgudstenesta vera innført i alle sokn 1. søndag i advent 2020 (sjå vedlegg).

Frist for innsending/søknad tenesteveg om prosten til Bjørgvin biskop om lokal gudstenesteordning er: 30. oktober 2020.

Det er imidlertid opna for at prosten kan gje utsetting av fristen til våren 2021 (t.d. 15 mars), med oppstart 1. søndag etter påske.

Vurdering:

Fristen 30. oktober vil ein neppe kunne overhalde, då eit gudstenesteutval skal arbeide med saka, og soknemøtet skal uttale seg.

Askvoll sokneråd bør derfor søkje om utsett frist.

For å sikre ein god prosess bør ein snarast råd setje ned eit ad hoc-gudstenesteutval som kan arbeide med spørsmåla.

Sokneprest og organist bør vere med i eit slikt utval, og ein bør ha nokre medlemmer frå soknerådet og andre som deltek i gudstenestene i tillegg.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd søkjer om utsett frist til innsending av revidert lokal gudstenesteordning til 15. mars 2021.

2. Ein oppnemner eit ad hoc-gudstenesteutval til å utarbeide eit forslag sett saman av XXX.

MØTEHANDSAMING

Som følgje av ny informasjon utsendt frå Kyrkerådet 2. september om ein generell utsett frist i saka til våren, utgjekk forslaget til vedtakspunkt 1.

Punkt 2 i forslaget til vedtak vert såleis vedtakspunkt 1.

Jostein Gryte sette fram forslag om at ad hoc-gudstenesteutvalet vert sett saman av soknerådet sitt arbeidsutval (AU), supplert med organisten, Nikolai Sudenko.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Ein oppnemner eit ad hoc-gudstenesteutval til å utarbeide eit forslag sett saman av soknerådet sitt arbeidsutval (AU*), supplert med organisten, Nikolai Sudenko.

*AU = Jostein Gryte, Wenche Ness Gabrielsen, Kjell Olav Høstaker Nordheim og Rune Ziener

SR 2020/37 Offerlister 2020

UTGREIING

Gudstenesteplan t.o.m. 13. desember 2020 er lagt.

Lista må kompletterast med offerformål.

I lista er sett inn førebels innkomne forslag frå kyrkjelydsutvala til offerformål.

Ytterlegare forslag vert innarbeidd etter kvart som dei kjem inn.

(Tabellen nedanfor er supplert med innkomne forslag i møtet.)

Kyrkje	Dato	Tid	Dag	Type	Merknader	Offerformål
Askvoll kyrkje	13.09.2020	11:00	Søndag	Konf.gudsteneste		Kyrkjelydsarbeid
Askvoll kyrkje	04.10.2020	15:00	Søndag	Gudsteneste		Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Askvoll kyrkje	25.10.2020	11:00	Søndag	Gudsteneste	Utdeling 4 og 6 års bok	Laurdagsklubben
Askvoll kyrkje	01.11.2020	18:00	Søndag	Gudsteneste	Minnegudsteneste	Sjelesorginstituttet Modum
Askvoll kyrkje	15.11.2020	11:00	Søndag	Gudsteneste		Kirkens SOS
Askvoll kyrkje	29.11.2020	18:00	Søndag	Gudsteneste		Askvoll kyrkje
Askvoll kyrkje	13.12.2020	11:00	Søndag	Familegudsteneste		Skilbrei Ungdomssenter
Bulandet kapell	19.09.2020	10:00	Lørdag	Konf.gudsteneste		Bulandet kapell
Bulandet kapell	19.09.2020	12:00	Lørdag	Konf.gudsteneste		Bulandet kapell
Bulandet kapell	11.10.2020	10:30	Søndag	Gudsteneste		Kyrkjelydsarbeid
Bulandet kapell	08.11.2020	10:30	Søndag	Gudsteneste	Utdeling 4 og 6 års bok	Den Indre Sjømannsmisjon
Bulandet kapell	06.12.2020	10:30	Søndag	Gudsteneste		Kirkens SOS i Bjørgvin
Holmedal kyrkje	13.09.2020	18:00	Søndag	Gudsteneste	Konfirmantpresentasjon	Skilbrei Ungdomssenter
Holmedal kyrkje	27.09.2020	11:00	Søndag	Konf.gudsteneste		Holmedal Bedehus
Holmedal kyrkje	18.10.2020	15:00	Søndag	Gudsteneste	Utdeling 4 og 6 års bok	Kyrkjelydsarbeid
Holmedal kyrkje	22.11.2020	17:00	Søndag	Gudsteneste		Kyrkjelydens misjonsprosjekt
Holmedal kyrkje	06.12.2020	15:00	Søndag	Gudsteneste		Holmedal kyrkje
Kvammen kapell	20.09.2020	12:00	Søndag	Konf.gudsteneste		
Kvammen kapell	18.10.2020	11:00	Søndag	Gudsteneste	Utdeling 4 og 6 års bok	
Kvammen kapell	15.11.2020	15:00	Søndag	Gudsteneste		
Stongfjorden kapell	20.09.2020	10:00	Søndag	Konf.gudsteneste		Stongfjorden kapell
Vilnes kyrkje	12.09.2020	10:00	Lørdag	Konf.gudsteneste		
Vilnes kyrkje	25.10.2020	15:00	Søndag	Gudsteneste	Utdeling 4 og 6 års bok	
Vilnes kyrkje	29.11.2020	15:00	Søndag	Gudsteneste		

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista som den ligg føre og dei innkomne forslaga som vart lagt fram i møtet.

MØTEHANDSAMING

Forslag sett fram i møtet av Bjørn Arne Mjåseth om nytt punkt 2:

2. Administrasjonen får fullmakt til å komplettere lista etter forslag frå kyrkjelydsutvala i Kvammen og Vilnes.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner offerlista som den ligg føre og dei innkomne forslaga som vart lagt fram i møtet.

2. Administrasjonen får fullmakt til å komplettere lista etter forslag frå kyrkjelydsutvala i Kvammen og Vilnes.

SR 2020/38 Møteplan 2. halvår 2020

UTGREIING

Det er sett frist 5. oktober for Askvoll sokneråd å komme med budsjettforslag og innspel til økonomiplanen for 2021-2024.

Det ligg óg ute høyring om økonomiforskriften for Den norske kyrkja med høyringsfrist 12. oktober.

For å vedta økonomiplan innan fristen vert det føreslege å ha neste møte torsdag 1. oktober.

Dette møtet kan ein kombinere med synfaring i Holmedal kyrkje.

INNSTILLING

1. Neste møte i Askvoll sokneråd vert torsdag 1. oktober i Holmedal.
2. Soknerådsleiar har fullmakt til å justere dette.

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Neste møte i Askvoll sokneråd vert torsdag 1. oktober i Holmedal.
2. Soknerådsleiar har fullmakt til å justere dette.

FR 2020/39 Budsjettjustering, driftsbudsjett 2020

UTGREIING

Etter gjennomgang av tal, tett opp mot 2. tertial, viser det seg nødvendig å føreta nokre justeringar i vedtakte årsbudsjett for drift. Særleg ser ein økonomiske konsekvensar som følgje av koronasituasjonen sidan mars månad.

1. Forvaltningskapitlar (administrasjon, kyrkjer og gravplassar, 04100-04300)

Utgifter til graving

Det har vore eit lågt tal gravleggingar så langt i år sett opp mot vanlege årsgjennomsnitt. Siste 9 mnd har det vore eit gjennomsnitt på under 3 gravferder pr. månad. Med eit normalsnitt resterande 3 månader før årsfakturering, ser det ut som at ein ligg omtrent kr 36.000,- under budsjettet for 2020.

Stillingsannonser

I 2020 vil ein ha to stillingsutlysningar, då ein har hatt utlysing for ledig organistvikariat, og ein vil få utgift til utlysing av kyrkjelydssekretærstilling før årsskiftet. Forventa utgift for desse er kr 28.000,- som er lagt inn i justeringsforslaget.

Kurs og reiseutgifter i samband med kurs

Grunna koronasituasjonen er kurs- og reiseutgifter redusert. I forslaget er lagt inn kr 11.000,- i reduksjon i forhold til budsjettet.

Forsikringar

Det har vore ein premieuke i personalforsikringar (gruppe- og ulykkesforsikring) på om lag kr 8.000,- over budsjettet.

Når det gjeld skadeforsikring på kyrkjebygg, har ein no fått registrert tilsvarande kronebeløp i reduksjon p.g.a. sikringsrabattar.

I tillegg til dette vil ein få premiereduksjon på 15% i 2020 grunna låge skadeserstatningsutbetalingar til kyrkjebygg siste åra. Her er lagt inn kr 15.000,- i reduksjon.

Festeavgifter

Her har pr. ultimo august komme inn meir i inntekt enn budsjettet. Budsjettposten er føreslege oppjustert med kr 36.000,- meir i inntekter.

VU-plan

Tiltak i vedteken VU-plan bør vidareførast. Pr. august kjenner ein ikkje endeleg kostnad på tiltaka her, eller om alle planlagte tiltak vil kunne verte realiserte.

Med justeringane som nemnt over, vil ein ha kr 70.000,- i unytta midlar til fri bruk. To behov utanom vedteken plan, bør ein prøve å få inn i budsjettet inneverande budsjettår:

- GPS-innmåling og fastmerke til 4 nye gravfelt på utvida del av kyrkjegarden i Askvoll. Her er stipulert kr 10.000,- til dette.

- Ny eller reparert plenetraktor.

Den eldste plenetraktoren (5 år gamal), av dei to soknet eig, fungerer ikkje pr. i dag. Reparasjon av hydraulikken vil koste om lag kr 24.000,-. Ny plenetraktor vil koste kr 76.000,-. Ein må vurdere om det vil vere kostnadssvarande å bruke relativt mye pengar på reparasjonar framfor å kjøpe ny plenetraktor.

Kyrkjeverja tilrår at ein set vurderinga på vent til seinare i haust, og førebels budsjetterer dei kr 60.000,- i ledige midlar avsett til disposisjonsfond før seinare vurdering.

2. Anna kyrkjeleg verksemd (04400-)

Generelt kyrkjelydsarbeid

Kirkens Nødhjelp (fasteaksjonen)

Grunna koronasituasjonen vart denne kansellert.

I justeringsforslaget er kr 30.000,- i innsamla midlar og overføring av dei 30.000,- teke ut av budsjettet.

«Kyrkjedagane i Askvoll»

Det var planlagt ein kyrkjefestival i Askvoll i april månad. Denne vart utsett på ubestemt tid p.g.a. koronasituasjonen. I budsjettjusteringsforslaget er inntekter og utgifter justerte som følgje av at Kyrkjedagane likevel ikkje vert gjennomført i år.

Trusopplæring

I justeringsforslaget er lagt inn tilpassingar for kostnader etter at ein har fått tilsett kyrkjelydspedagog i trusopplæringsstillinga.

Forventa overskot på deltenesta er budsjettert avsett til bunde fond for trusopplæring med kr 59.000,-.

Kyrkjelydsblad

Grunna koronasituasjonen vil ein berre gje ut eitt kyrkjeblad for Askvoll i 2020 mot normalt 3 nummer pr. år.

Porto- og trykkekostnadar er såleis forventa redusert med kr 46.000,- samanlikna med opphavleg budsjett. Tilsvarende reduksjon i bladkontingent og annonseinntekter er ført opp på inntektssida i justeringsforslaget.

Justeringsforslag:

Konto	Kontotekst	Utg.opp/ innt.ned	Utg.ned/ innt.opp
<i>Forvaltingskapitla</i>			
<i>r</i>			
31200.200.04300	Andre utgifter, materiell, råvarer		-36000
31400.200.04100	Annonsar, reklame, informasjon	14000	
31400.200.04200	Annonsar, reklame, informasjon	14000	
31500.200.04100	Opplæring, kurs		-8000
31550.200.04100	Reiseutgifter opplæring		-3000
31850.200.04100	Forsikringar	8000	
31850.200.04200	Forsikringar		-23000

32300.200.04100	Vedlikehald av bygg og anlegg	10000	
35400.200.04100	Avsett til ubunde fond	60000	
36301.200.04300	Festeavgifter		-36000
	<i>Kontrollsum</i>	<i>106000</i>	<i>-106000</i>

Anna kyrkjeleg verksemd

Generelt kyrkjelydsarbeid

31200.200.04400	Andre utgifter, materiell, råvarer		-62000
34652.200.04400	Kirkens Nødhjelp		-30000
35500.200.04400	Avsett til bunde fond - Kyrkjedagane	5000	
36100.200.04400	Betaling frå deltakarar	10000	
38000.200.04400	Tilskot frå staten	20000	
38050.200.04400	Tilskot frå Dnk(r)		-5000
38600.200.04400	Ofring til eiga verksemd	32000	
38652.200.04400	Kirkens Nødhjelp	30000	
	<i>Kontrollsum</i>	<i>97000</i>	<i>-97000</i>

Trusopplæring

30100.200.04432	Fast lønn	20000	
30903.200.04432	Pensjonsinnskott - KLP	10000	
30990.200.04432	Arbeidsgivaravgift	5000	
35500.200.04432	Avsett til bunde fond - trusoppl	59000	
38050.200.04432	Tilskot frå Dnk(r)		-94000
	<i>Kontrollsum</i>	<i>94000</i>	<i>-94000</i>

Kyrkjeblad

31200.200.04479	Andre utgifter, materiell, råvarer		-40000
31300.200.04479	Post, bank, telefoni og datalinjer		-6000
36201.200.04479	Sal av varer og tenester, gebyr	46000	
	<i>Kontrollsum</i>	<i>46000</i>	<i>-46000</i>

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd føretek budsjettjusteringar i driftsbudsjettet for 2020 i samsvar med forslaget frå kyrkjevevja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd føretek budsjettjusteringar i driftsbudsjettet for 2020 i samsvar med forslaget frå kyrkjevevja.

Vedlegg til møteprotokollen:

Innmeldte feil/manglar på bygg og anlegg frå kyrkjelydsutvalet i Kvammen

Gjelsvik gravplass:

- Ønsker system for søppelsortering
- Stadig problem med at vatningsløysinga ikkje fungerer på gravplassen
- Krossen på klokketårnet er råta/falt ned
- Steinhelle falt ned frå klokketårnet. Her er fare for fuktskadar

Kvammen kapell:

- Ønsker skilting til Kvammen kapell frå FV 609
- Oppheng for skyvedør mellom bakre del av kyrkjerommet og lagerkrok er heilt ødelagt (fare for at den kan falle ned og gi personskade)
- Kjøkkeninnredning (diverse skåp) er ikkje ferdig
- Mykje gjenklang i lyden i kyrkjerommet – behov for lydemping
- Ønsker oppgradering av bårerommet, som har vore «lagerplass» i mange år
- Teleslynge må på plass igjen etter rehabiliteringa

Kommentar frå kyrkjevevja:

Ein må få gjort noko med dei innmeldte feil og manglar. Noke vil ein kunne ta på uforutsett-posten i år, og anna må ein innarbeide i soknet sin vedlikehalds- og utviklingsplan (budsjettsak).